



Arkiv nr:

Sak nr 26/2015

Møtedato: 31.8.16

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

S790, Rensenn – søknad om fritidsfeste på sel

Nils Ivar Slåttsveen søker i e-post datert 22.8.16 om å få feste på det eine selet som er på stølen og å etabler ny veg fram til huset.



Søkjaren driv i dag aktivt på stølen og har orientert om drifta på garden. Han starta med sau i 2015. Det vart slept 75 vinterfora søyer og 100 lam på stølen i år. Planen er å utvide det til 225–250 dyr på beite i 2017 og ca. 300 dyr på beite i 2018. Planen er å nytte stølsjorda aktivt til beite, i kombinasjon med fritt beite i fjellet.

I følgje kommunekartet er stølutvisinga på ca. 30 daa og tilleggsjorda på ca. 5 daa. Det blir i tillegg leigd 21 daa av Kari-Ann Slåttsveen, 13 daa av Knut Ingar Grefsrud på Nøsen og 18 daa av Hanne Øen på Rensenn. På dei leigde areala blir det hausta fôr.

Søklar skriv m.a. følgjande om behovet for frådelling av til fritidsfeste:

Stølen består av stølshus, fjøs og agregathus, samt ei hytta som ligger ca 100 meter ovenfor stølshuset mot yttergjerdet på oversida. Hytta er separert fra stølen med egen inngjerding og ligger for seg sjøl, men med veg adkomst over stølstunet.

Stølen ble totalrenovert i 2007 og har i dag 12 sengeplasser. Og hytta har vært gjennom flere oppgraderinger de siste årene, senest en betydelig ombygging i 2014 og har i dag 7 sengeplasser. Hytta har aldri vært, eller vil heller ikke bli en del av den framtidige stølsdrifta. Hytta har i alle år, og vil fortsatt bli benyttet som hytte for fritidsbruk. Til informasjon vil hytta ikke kunne flyttes pga påbygging og ombygging underveis i ulike byggetrinn.

Både stølen og hytta utnyttes godt gjennom hele året. Og basert på de siste 3 årenes bruk i gjennomsnitt (jfr timeforbruk på agregatet) har støl og hytte samlet rundt 800 «gjestedøgn» i året.

Det er etter vår vurdering nødvendig å separere hytta fra stølsdrifta. Vi har behov for å få etablert egen vegadkomst til hytta – laget som en tilførselsveg fra vegen opp til Bjørn Ingar Vistehagen. Den nye vegen vil være på ca 25 meter i flatt terreng fram til stølsgjerdet. Ny grind tenkes lagd, og at det lages videre en inngjerdet veg langs jordkanten inne på stølsjorda bort til nåværende grind inn til hytta. Sauebeite vil på denne måten bli helt separert fra hyttetrafikken. Dette vil bli mer praktisk og konfliktdempende i framtida. (se vedlagte skisse).

Stølsdrifta og hytta vil ikke være knytta til hverandre framover. Stølen og hytta har hver sine «separate liv». Hytta bør stå på «egne bein», og ha sin egen «identitet» og bruk. Vi vil be om en fradeling for hytta, som er best tilpasset framtidig drift og utnyttelse av gard/støl.

Det søkt om å utvide bygningsarealet på stølen i fleire omgangar dei siste åra. Søknadane har omfatta bygging på begge sela. Søknadane har vore grunngjeve med at begge sela skulle brukast i drift ut frå

garden. Det har vore skissert husdyrhald kombinert med seminar o.l. med næringslivet som målgruppe. Det har vorte godkjent påbygging ut frå slik drift som skissert. No skriv søkjar at det aktuelle selet aldri har vore og aldri vil bli ein del av stølsdrifta. Det må derfor har vore gjeve feilaktige opplysningar no eller tidlegare. På nettsida til firmaet til søkjar (<http://elstadbergsgard.no/fjellgarden-bergsgard>) står det opplyst at stølen blir brukt til seminar o.l. og det samsvarar med det som tidlegare er opplyst. Her er det m.a. inkludert sengekapasiteten på selet som blir søkt delt frå. Saksbehandlar har derfor som utgangspunkt at begge sela blir brukt i samband med drift av garden og stølen. Om nye opplysningar vore korrekte, måtte fjellstyret undersøke nærare om det var mulig å reversere tidlegare vedtak med sikte på at søkjar måtte rive godkjent påbygg pga. bevist å ha gjeve feilaktige opplysningar. Ved ev. seinare søknader om bygging, må det stillast langt strengare krav til dokumentasjon. Bruken av selet har uansett ingen innverknad på avgjerd i søknad om fritidsfeste.

Oppretting av fritidsfeste på stølshus er regulert i stølsforskrift og er fyrst eit alternativ når stølsretten fell bort. Stølsforskrift §16: *Når seterretten fell bort fordi drifta på eigedomen er lagt ned og jorda teken i bruk til formål utanom jordbruk, eller fordi ein ikkje kan rekne eigedomen som ei jordbruksmessigeining eller jordbruk, jf. § 2 andre ledd i fjellova, skal fjellstyret gjere vedtak om*
a. at setra skal visast ut til eigedom i drift som treng seter, jf. §§ 6 og 7, eller
b. at den tidlegare seterbrukaren må søkje Statskog SF om feste av tomt for seterhusa til fritidsformål, eller
c. at seterbrukaren fjernar husa om verken overføring eller oppretting av festekontrakt er aktuelt.

Stølsretten er intakt og det er derfor ikkje heimel for å opprette feste på stølshuset. Det er fyrst når stølsretten er falt bort, jf. §16, at fjellstyret som 2. alternativ kan tilråda etablering av fritidsfeste. Det har vore fleire søknader om å få fritidsfeste på sel etter §16 og det har vore lang praksis på at slike søknader blir avslege i LNF2-området. Statskog kan ikkje søkje kommunen om å få etablere fritidsfeste på det som er registrert som støl så lenge stølsretten er intakt. I 1998 og 1999 vart det søkt om å få opprette fritidsfeste på det aktuelle selet. Begge gongene vart det avslag på søknaden. Søkjar vart den gongen orientert om at det ikkje var heimel for å dele frå stølshus til fritidsformål. Søkjaren burde derfor vore kjend med at det ikkje er heimel.

Ny veg blir opplyst å vera tilkomst til eit ev. fritidsfeste. Statskog avgjer søknad om grunn disponering etter §12 i fjellova etter uttale frå fjellstyret. Fjellstyret kan ikkje tilråda oppretting av fritidsfeste og det er derfor ikkje aktuelt å tilråda søknad om å få etablere veg.

Med søknad om beite/tilleggsjord i sak 26/16 ville festet bli liggande som ei øy inne det utviste arealet. Dette er ei uheldig løysing for framtida. Dette vart gjort tidlegare og etter eigarskifter ser ein i dag ofte konflikhtar mellom støls- og fritidsinteressene. Ein prøver i dag å flytt hyttene ut av stølsjorda når det er mulig ved nybygging.

Stølen ligg i LNF2-område i kommuneplan med særskilt verdiar spesielt knytt opp mot stølslandskapet. Det er sterke føringar på ein skal vera varsam med tiltak som er i strid med intensjon om å bevare stølslandskapet. Det skal derfor ikkje etablerast nye hyttefeste i LMF2-området. Kommunen vil dessutan føre ei streng og restriktiv line i forhold til dispensasjonssøknader, spesielt i og i tilknytning til stølsområda.

Framlegg til vedtak

Det er ikkje heimel for å opprette fritidsfeste på stølshus, jf. §16 i stølsforskrift, og det er uaktuelt ut frå arealbruk/praksis. Fjellstyret kan derfor ikkje godkjenne at Statskog søkjer kommunen om å få godkjent fritidsfeste på det aktuelle selet.

Fjellstyret kan ikkje tilrå over for Statskog at det blir gjeve løyve til å opparbeide ny veg.

Vedtak

Det er ikkje heimel for å opprette fritidsfeste på stølshus, jf. §16 i stølsforskrift, og det er uaktuelt ut frå arealbruk/praksis. Fjellstyret kan derfor ikkje godkjenne at Statskog søkjer kommunen om å få godkjent fritidsfeste på det aktuelle selet.

Fjellstyret kan ikkje tilrå over for Statskog at det blir gjeve løyve til å opparbeide ny veg.

Vedtaket er samrøystes.

I følge §28 i forvaltningsloven kan enkeltvedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak. Klagerett gjeld enkeltvedtak. Andre avsnitt i vedtaket er ikkje enkeltvedtak og det er ikkje klagerett over tilråding til Statskog.

Vestre Slidre fjellstyre den 31.8.16

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Nils Ivar Slåttsveen, Vestre Slidre kommune, Statskog